

## Referat frå møte om rovdyrsituasjonen i Nord-Fron

På vertshuset Sinclair, Kvam, 24/10-2017 kl. 1900-2200

Møteleder: Jonny Mathisen, Nord-Fron sau og geit  
Panel: Aud Hove, leder i rovviltnemda Oppland (politisk vald) (RNO)  
Harald Klæbo, Fylkesmannen i Oppland (FMO)  
Geir Johan Groven, Nord-Fron kommune (NFK)  
Pål Kjørstad, nestleder i Norsk sau og geit (NSG)

Elles var også Kristina Hegge, nestleiar i Oppland bondelag tilstade.

Innleiar 1, Aud Hove:

Vi kan leve med bestandsmåla på jerv, gaupe. Bjørn lite problem nå. Men forvaltninga er krevjande, særleg på ulv. Sidan skadefelling på barmark er vanskeleg, er målretta uttak på vinterstid mykje meir effektivt.

Ulven er ei stor utfordring i Oppland. Vil ikkje bruke FKT-midler til planlagt tidlegsanking, beiteretten skal ikkje innskrenkast!

Det er ei stor utfordring å komme ned på bestandsmåla. Vernesida har gjeve nemnda ein del kritikk.

Innleiar 2, Harald Klæbo:

I det store bildet, er det ei positiv (med nedadgåande tap) utvikling, bortsett frå ulve-episoden på Hadeland. Nokre beiteområde har meir gjentakande skader, som Frydalen, Vuludalen.

NINA er premissleverandør for kor mykje bestanden kan regulerast ned. Maksimal 20% uttak pr. år. Svensk jerv har historisk sett vandra inn til Oppland og gjort store skader pga. lave uttak i Sverige, dette er iferd med å endrast, meir felling i Sverige. Skadefelling på barmark er vorte svært vanskeleg. Ingen skadefelling av jerv i år. Lisensjakta i Oppland har dei siste åra gitt dårlig utteljing. Vanskeleg jakt pga. terreng og avstandar. Men samarbeidet mellom jegerane er godt.

Fylkesmannen innrømmer at skadefelling på ulv kan (bør?) gis tidlegare. Det var observasjon av ulv på Hadeland før beitesesongen.

Rovviltnemnda i Oppland kan forhandle om ekstraordinært uttak, men pga. nasjonale bestandsmål blir ekstraord. uttak avvist til ein viss grad.

FKT-midla rekk ikkje til, meir søkning på middel enn tildelingar.

Departementet ønsker tidlegsanking på områder med historiske tap.

Etterarbeidet etter Hadalandsulven er stort og kostbart.

Innleiar 3, Geir Johan Groven:

Oppland har varierte problem med rovdyr, her i Fron er det ulven som er hovudproblemet.

Gaupeforvaltninga fungerer bra. Bjørneskadar er det lite av.

Jerv gir skader både på øst- og vestsida av dalen. Ulven er også et tilbakevendene problem, i år var det Ringebru sin tur.

Vaksande tap til ulv og jerv i Midtdalen. Skadefelling i beitesesongen fungerer ikkje!

Utan nye virkemiddel er det vanskeleg å bli meir effektive, særleg på jerv. Felling på vinteren er det som vi veit fungerer. Lisensjakt på gaupe går bra. På jerv er det hovudverkemiddel for å få ned bestanden, men det er svært krevjande. Jerven er langt inni fjellet på vinterstid og vanskeleg å jakte på. Hiuttak er effektivt, men direktoratet likar ikkje det. Skyldar på at nasjonale bestandsmål ikkje er nådd.

Forvaltning er vanskeleg når staten har myndigheita, og forhindrar lokal forvaltning.

Gode resultat med bruk av hund på ulvejakt, gode ekvipasjar i Midtdalen nå.

Men; ønsker fleir uttak før beitesesongen, bruk av hund på lisensjakt.

FKT: ramma bør aukast, overføring av restmiddel frå andre regionar kan vere ei løysing.

Beitenæringa er viktig for Oppland/Fron!

Kommentar frå Aud Hove: Overskott frå FKT-midla i 2016 er overført til 2017.

Innleiar 4, Pål Kjørstad:

Situasjonen er vanskeleg. Den er ikkje lett å leve med. Ligg langt over bestandsmåla på jerv. Om bestandsmålet på bjørn skal oppfyllast, blir det au vanskeleg å leve med. Bjørn som observerast på våren skal takast ut.

Ulv: situasjonen i Oppland er tragisk. Vi kan ikkje leve med ulv slik situasjonen er i dag.

Kongeørna er totalfreda, men tek au mykje småfe.

Kvotefastsettinga er eit år på etterskott kvart år. Skal ikkje vere 7 ynglingar på jerv, det skal vere 4! Kvota må opp! Skadefelling fungerer dårleg på alle dei fire store rovdyra.

Nytt: Beitenæringa skal varslast av SNO/Fylkesmannen når ulven er observert i beiteprioritert område.

Lisensjakt: det fungerer på gaupe, ikkje på jerv, bjørn og ulv, der må SNO hjelpe til.

Når vanlege folk ser ulv må det takast meir på alvor. Ulven må tas ut så raskt som mogleg når den er sett.

FKT: det er for lite pengar. Vernesida vil au ha frå den potten. FKT-midla skulle fysst og fremst vore brukt på lisensjakt. NINA har fått FKT-middel frå Oppland, dei bør ikkje få det framover. Jerveprosjektet går for trått.

Prinsipielt mot tidlegsanking - Føringar beiteretten

Kommentar frå Aud Hove: Vi må tåle å ligge under bestandsmåla for jerv visse år (reknast gjennomsnitt på tre år). Meir samarbeid mellom Oppland og Hedmark i forvaltninga av rovdyra.

Replikk frå Pål Kjørstad: om det blir 0 ynglingar i 2017, blir det 4,3 i snitt likevel.

Spørsmål frå salen:

Are Krogh: tok opp problematikk i Frydalen landskapsvernområde der beiting skal haldast på 2009-nivå samstundes som jerven skal få vere der. Konflikt mellom to verneformål.

Og kvifor skal det kun reduserast med 20% i året?

Fylkesmannen: innrømmer konflikt mellom verneformåla. Har ikkje svar på korleis dette skal løysast. Kvotefastsetting er komplisert. Ikkje berre teljing, DNA-prøver av møkk brukast au.

Men meiner tala er vorte betre dei siste åra. Tar til ein viss grad sjølvkritikk for denne forvaltninga, er eit dilemma.

Nemnda: seier at fleire verneformål i samanheng og er ei politisk sak. Politikarane er ikkje sterke nok. Eit formål slår ihel det andre.

NSG: Soneinndeling er uheldig, same beitelag har ulike vilkår pga. sonene.

Hans Petter Solberg: fortel av varmesøkande kamera er svært effektivt. Kan brukast på rovdyrjakt. Spørsmål om jervekvota er stor nok. Hiuttak der tise ikkje er teke ut, må ikkje telle som fullt hiuttak. Kvota må fyllast! Lova bør endrast så det blir lov til å bruke hund på jakt jerv, ulv og bjørn.

Rovviltnemnda må bli tøffare!

20% uttak av ei for stor stamme av jerv vil aldri gi bestandsmålet!

Ole Petter Berget: Kvifor hiuttaket i Sikkilsdalen reg. på Rovdata når kun kvelp er teke ut? Etterlyser ein langtidsplan for forvaltninga.

RNO: det viktigaste er meir effektive uttak.

FMO: er klar over feilrapporteringa til Rovdata. SNO er vorte betre på registrering av rådvilt-aktiviteten. Ny teknologi gjer betre tal.

Are Krogh: Kan helikopter brukast for skadefelling av ulv? Brukt i Sverige med god resultat. Kan lisensjakta på jerv starte før?

RNO: har spilt inn datoar for bjørnejakt.

FMO: Tidlegare jakt på jerv er utholing av rovviltforliket ifølge dept./statsråden.

Helikopter i jakta, sak for SNO, dei må svare. FMO stoler på SNOs vurderingar.

NFK: ulv er tatt ut før på 4 min. med helikopter, men her er det SNO som styrer.

RNO: nemnda må stole på ekspertisen.

Marthe Dypdalen: Lisensjakt bør ikkje vere ein dugnad. Er ståande skadefelling på ulv mogleg?

RNO: lisensjakt er hovudverkemiddelet til forvaltninga. Kanskje bør FKT-middel brukast til å profesjonalisere jakta. Ståande skadefelling er politikk.

FMO: Statsråden seier at ståande skadefelling ikkje er i tråd med gjeldane lov. Kun skadegjerar kan takast ut.

Olav Røssum: Handling må til, kan ikkje leve med denne situasjonen, store tap. Må redusere bestanden av rovdyra. Kva kan gjerast no? Skadefelling no? Tapa er på omlag 250 dyr i Frydalen/Kvamsfjellet/Sørdorp.

FMO: skadefellingskvoten gjeld tom. 15/2. Kan i teorien fellast på skadefelling til da. FMO bestemmer. Sitter langt inne å gi felling. Lisensfelling skal være hovudverkemiddel.

RNO: når nysnogen kjem bør det jaktast på ulv. Dvs. nå.

NFK: jegere må få bruke scooter.

Ole Petter Berget: avslag på felling pga. for gamle kadaver, kvifor?

Skadefelling gis berre ei ein kommune, når rovdyra er i fleire, kvifor?

FMO: ferske skader tyder på akutt situasjon. Gamle skader prioriterast ikkje.

Har gitt tverrkommunale fellingsløyve no i sommar.

Hans Petter Solberg: Skadefellingsrommet må brukast meir aktivt. Kvifor blir ikkje skadefelling brukt etter beitesesongen.

Kristina Hegge (bondelaget): Beitedyra må ha prioritet. Ikkje ulv og bjørn. Jerv må ned på bestandsmålet!

Jonny Mathisen: Gir lave uttak lågare kvoter neste år?

RNO: kan nok legge meir press på FMO/Tremo. Tiltak må setjast inn der det er tap.

NFK: Hund kan brukast meir på jervejakta. Men har fått avslag. Klagde til dept. Fekk ikkje svar derifrå...

NSG: mykje hårreisande argumentasjon frå staten. Det er betre dyrevelferd at jerv drep sau enn at det bruke sløs på drevet halsende hund under jervejakt

Magne Uhlen: fortel om storfebeite i Vuludalen. Har vore uroa av rovdyr (jerv?). Får ikkje FKT-middel fordi det ikkje er dokumentert tap. Ei dau ku, men uklar årsak. Om det hadde vore gitt FKT-middel kunne dei varsle om observerte rovdyr.

FMO: pålagt å varsle om rovdyrobs. FKT er prioritert på sau og reinsnæringa. Storfe er vorte valdsamt skremt av ulv på Hadeland.

Marthe Dypdalen: Skadefelling, kan det gis på både øst-og vestsida pga. store tap?

RNO: skadefelling reduserer ikkje kvota til lisensjakt.

Are Krogh: Oppfordring til RNO og FMO: ynglande tise i Tjønseterfjellet har fått kvelpar, blir for mykje jerv. Ta ut jerv i både Vuludalen og Tjønseterfjellet!

Hans Petter Solberg: forvaltninga må vere meir dristige, bruk verktøykassa, ta ut rovdyra!

RNO/Aud Hove: Tispa i Sikkilsdalen bør tas ut.

22.00: Møteslutt.

Referent: Vemund Hagen, Nord-Fron bonde- og småbrukarlag.